



Innst. 111 S

(2014–2015)

Innstilling til Stortinget frå kyrkje-, utdannings- og forskingskomiteen

Prop. 29 S (2014–2015), kap. 926

Innstilling frå kyrkje-, utdannings- og forskingskomiteen om endringar i statsbudsjettet for 2014 under Nærings- og fiskeridepartementet

Til Stortinget

Samandrag

Nærings- og fiskeridepartementet gjer i proposisjonen framlegg om endringar på statsbudsjettet 2014. Denne innstillinga handsamer berre endringane under kap. 926:

Kap. 926 Drift av forskingsfartøy

Post 45 Større utstyrsanskaffelser og vedlikehald, kan overførast

Det er inngått kontrakt med det italienske verftet Fincantieri om bygging av nytt isgåande forskingsfartøy. Ut frå betalingsplanen i kontrakten er gjeldande løyving sett til 213,3 mill. kroner. Nærings- og fiskeridepartementet er orientert om at det går føre seg forhandlingar mellom partane for å kome fram til forståing av enkelte forhold under kontrakten. Framdrifta i byggjeprojektet ligg no etter den tidsplanen som er fastsett i kontrakten, og det vil ikkje bli utbe-

talt noko til verftet i 2014. Det vil derfor berre vere behov for midlar til designtenester, godkjenning av klasseteikningar og drift av prosjektet. Det er ikkje avklart om forseinkinga i framdrifta vil påverke tidspunktet for når fartøyet er klart til bruk.

På dette grunnlaget gjer departementet framlegg om å redusere løyvinga med 173,5 mill. kroner.

Merknader frå komiteen

Komiteen, medlemene frå Arbeidarpartiet, Christian Tynning Bjørnø, leiar Trond Giske, Martin Henriksen, Tone Merete Sønsterud og Marianne Aasen, frå Høgre, Henrik Asheim, Norunn Tveiten Benestad, Kent Gudmundsen og Kristin Vinje, frå Framstegspartiet, Sivert Bjørnstad og Bente Thorsen, frå Kristeleg Folkeparti, Anders Tyvand, frå Senterpartiet, Anne Tingelstad Wøien, frå Venstre, Iselin Nybø, og frå Sosialistisk Venstreparti, Torgeir Knag Fylkesnes, viser til proposisjonen og til departementet si grunngjeving, og sluttar seg til framlegget i proposisjonen.

Tilråding frå komiteen

Komiteen viser til proposisjonen og rår Stortinget til å gjere slikt

vedtak:

I statsbudsjettet for 2014 blir det gjort følgjande endringar:

Kap.	Post	Formål	Kroner
Utgifter			
926		Drift av forskingsfartøy	
	45	Større utstyrsanskaffelser og vedlikehald, <i>kan overførast,</i> blir redusert med frå kr 213 280 000 til kr 39 780 000	<u>173 500 000</u>

Oslo, i kyrkje-, utdannings- og forskingskomiteen, den 9. desember 2014

Trond Giske

leiar

Martin Henriksen

ordførar